



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 08.04.2021
Møtestad: Digitalt møte på Teams
Møtetid: 17:00 - 17:55

Formannskapet innkalla som styringsgruppe - prosjektet for vurdering av arealbruk kommunehuset.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Bjarne Ve Sæbø
Bjørnar Fjellhaug
Ketil Tjore
Odd Harald Dommersnes
Thomas Lindås
Monika Kvamme

Austrheim 9. april 2021

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
041/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/21	Godkjenning av møteprotokoll
043/21	Orienteringssak
001/21	Styringsgruppa - arealbruk kommunehuset

041/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

08.04.2021 FORMANNSKAPET

Handsaming i formanskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 041/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

042/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

08.04.2021 FORMANNSKAPET

Handsaming i formanskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 042/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

043/21: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

08.04.2021 FORMANNSKAPET

Ei orienteringssak, det er eiga sak (neste).

FS - 043/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

001/21: Styringsgruppa - arealbruk kommunehuset

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet, som styringsgruppe for arbeidet, tar orienteringa til vitande.

08.04.2021 FORMANNSKAPET

Bjarne Ve Sæbø orienterte om saka.

Kartlegginga som er gjort viser at det er til dels lite lydisolering mellom kontora, dette er vanskeleg å løysa sidan det er bygd for ope landskap, med veggar som berre går opp til himling. var også etterlyst fleire møterom.

Sæbø gjekk gjennom skissene etasje for etasje. I første etasje er biblioteket tenkt der Servicekontoret er i dag, med moglegheit for meirope. Biblioteket vil vera kombinert med Servicekontoret sin inngang. I denne etasjen er det etablert HC-toalett der det i dag er toalett, ved å utvida med å ta rekvisitarommet.

I andre etasje er biblioteket sitt areal i dag sett til bruk for fysioterapeut og kyrkja. Litt justeringar i dørplassering på Familiekontoret. Etablering av HC-toalett, ved å utvida eitt av dei eksisterande toaletta.

I tredje etasje er det teikna inn vegg som skjermar økonomikontoret, og arkivet for økonomi vert nytt møterom. Service er tenkt flytta opp i tredje etasje. Etablering av HC-toalett, ved å utvida eitt av dei eksisterande toaletta.

Morten Sognnes (H) spurte om PPT kan flyttast ut på skulane. Rådmann Bjørnar Fjellhaug svara at det er bruk for kontor på kommunehuset når ein skal samarbeida med andre tenester som eit Familiens Hus, og det kan verta fleire tilsette her dersom det vert eit samarbeid med Gulen og Masfjorden til eit Fensfjorden PPT. Om ein skulle flytta ut, måtte det evt. vore til ein av skulane. Er lite ombygging det er lagt opp til i dag for desse kontora.

Inger-Lise Brekke (H) spurte om fysioterapeuten, som er på Nordliheimen i dag. Bjarne Ve Sæbø svara at det er trøngt om plass på Nordliheimen i dag for fysioterapeut, vil vera plass til dei i det arealet som no er brukt av biblioteket. Til dette sa Brekke (H) at ein må vera sikker på å ha gode nok

fasilitetar dersom PPT skal utvidast, bør kanskje setta spørsmålsteikn bak bruken som fysioterapi. Sæbø svara til det igjen at det er rom til å låna areal av venterom og møterom hjå PPT/helsestasjon om PPT treng fleire kontor.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er viktig å ikkje gjera det slik at ein ikkje har plass til eit Fensfjorden PPT, og må vel også ha kontorplass til Alver barnevern. Samd med Brekke (H) om å setta parentes bak fysioterapi i andre etasje. Dyrkolbotn spurte om prosessen vidare med tanke på økonomi, og om kva som skjer med bruken av arbeidsgruppa som er nedsett for dette. Dyrkolbotn spurte også om konsulentbruk, kva det har kosta og korleis det er henta inn tilbod.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug svara at det ikkje er ønskje om å gjera store ombyggingar, men det er viktig å flytta biblioteket slik at ein på kveldstid ikkje har tilgang til heile bygget. For PPT kan det vera behov for fleire kontor med Fensfjorden PPT dersom det vert realisert, og skal også ha plass til psykolog, samt kontorplass for barnevern og Nav. Skal ikkje gjera store endringar, justerer litt for å få biblioteket til 1. etasje (der det er søkt om eksterne midlar i støtte til flytting, med eigendel for kommunen), og for samling av tenestene i Familiens Hus.

Om konsulentbruk sa Odd Harald Dommersnes at Cap Gemini var henta inn for 35.000, det er same firma som er brukt for fylkeshuset i Bergen. På spørsmål frå ordførar Lerøy sa Dommersnes at ombygging av kommunehuset kanskje må settast på vent, har meir akutte ting på skule og i Vestlia som må prioriterast for investeringar.

Inger-Lise Brekke (H) viste til at Nav skal kunna disponera kontorplass etter behov. Kontora i andre etasje oppfylte ikkje sikkerhetskrava, korleis vert dette? Bjarne Ve Sæbø svara at det er lagt til rette for møterom i 3. etasje der det er to utgangar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støttar tanken om å flytta biblioteket ned i 1. etasje med betre tilgang enn i dag. Når det gjeld fysioterapi i dagens bibliotek spurte Dyrkolbotn om det er god nok ventilasjon, om det er gode nok garderober til å dekkja både fysioterapi og dei tilsette. Her svara Bjørnar om plassbehovet at det er mogleg at PPT/med fleire treng kontorplass som tek den plassen som er sett av til fysioterapi.

Inger Lise Brekke (H) spurte om bruken som er sett av til kyrkja, kva dette skal brukast til og om storleiken. Bjarne Ve Sæbø svara at dette kan justerast i detalj, det avgjerande no er prinsippa som å flytta biblioteket ned til 1. etasje, flytta Servicen opp i 3. etasje og små justeringar på Familiekontoret.

Inger-Lise Brekke (H) spurte om arrangement for mange personar som det er vist til i kartlegginga, her vart det svara frå fleire at dette er biblioteket som har brukt eige lokale samt Austrheimstova, og der dei må finna andre løysingar dersom dei vert flytta ned i 1. etasje. Ordførar Per Lerøy viste til at biblioteket då må bruka til dømes Samfunnshuset eller Mastrevik Torg til større arrangement, dette sa Helge Dyrkolbotn seg samd i.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa om disponering til fysioterapi at Fensfjorden PPT har dukka opp etter dette, det gjer at kontorbehovet er større. Ønskjer ikkje å bygga meir enn nødvendig.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein gjerne kan setta dette med fysioterapi på vent, og sjå behov for Nav/barnevern, gjerne opp mot sokneprest som har sams behov for lydisolert kontor. Kan også gjerne flytta kyrkja i andre enden mot personalgarderobe, der det er betre areal med tanke på vindauge.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein kan tenkja andre løysingar for fysioterapi enn 2. etasje i kommunehuset. Kan gå ut til private aktørar og spørja om lokale, der det kan vera på gateplan og lett å komma til for dei som skal på trening. Bør finnast moglegheiter i senterområdet. Slik løysing vil også gje meir armslag på kommunehuset.

Bjarne Ve Sæbø oppsummerte med at det kan gjerast endringar, men hovudprinsippa er å flytta

biblioteket ned til 1. etasje, flytta Servicen opp i 3. etasje og små justeringar på Familiekontoret. Stryker fysioterapi no, og ser på korleis kyrkja kan plasserast i dei lokala som vert ledige etter biblioteket.

Ordførar Per Lerøy sa at administrasjonen må komma tilbake med meir detaljerte planar når ein har fått klargjort kostnader for dette. Bjarne Ve Sæbø svara at det vil ein. Biblioteket har søkt om støtte til si flytting/nyetablering.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein då legg til grunn at formannskapet som styringsgruppe støttar dette arbeidet, ordførar Lerøy svara at ein må komma tilbake med detaljert prosjekt når det er klart.

Odd Harald Dommersnes sa at det er politisk å avgjera kva som skal investerast i, men det er andre ting som også er presserande, som Vestlia og på Kaland skule.

Inger-Lise Brekke (H) spurte om kontor plass til legane, no som det skal vera tre fastlegar og tre Lis-legar. Sæbø og kommunalsjef Monika Kvamme svara at dette er mogleg å løysa etter at helsestasjonen og psykiatrisk sjukepleiar er flytta opp i 2. etasje.

Handsaming i formannskapet:

Formannskapet, som styringsgruppe for arbeidet, var samrøystes om å ta orienteringa til vitande.

FS - 001/21 - 08.04.2021 - Vedtak:

Formannskapet, som styringsgruppe for arbeidet, tar orienteringa til vitande.
